

Til deg som rekvirerer eller tek prøver

# Pasientens prøvesvar

Ei ny nasjonal teneste i Kjernejournal er under utprøving. Tenesta gjer det mogleg å dele laboratorie- og radiologisvar mellom helsepersonell, uavhengig av behandlingsnivå, kven som har rekvirert undersøkinga og kvar ho er utført.

## Kort fortalt

**Arbeidsflyt:** Du rekvirerer prøver og tek imot prøvesvar i ditt EPJ som før. Det nye er at ein kopi av prøvesvaret òg blir sendt til Kjernejournal, og at pasienten får tilgang samstundes.

**Pasienten får tilgang:** Pasienten får tilgang til prøvesvara på Helsenorge. Det er viktig at du informerer pasienten når prøven blir teken, slik at pasienten ikkje blir unødig uroa når svaret kjem.

## Kva bør du informere pasienten din om

**Du tek kontakt:** Du tek kontakt dersom det er behov for å følgje opp prøvesvaret.

**Referanseområdet:** At eit prøvesvar ligg utanfor referanseområdet, betyr ikkje nødvendigvis at pasienten er sjuk eller at noko må gjerast.

**Nokre prøver tek lengre tid:** Først når alle undersøkingane er ferdig analyserte, blir svaret tilgjengeleg for innbyggjaren på Helsenorge.

**Personvern:** Dersom pasienten ikkje ønskjer at svar skal visast i Kjernejournal, kan dette setjast som innstilling under personvern på Helsenorge.

**Varsling:** Pasienten kan velje å få varsel når prøvesvara er klare på Helsenorge. Dette blir gjort under varslingsinnstillingar.



Her kan du lese meir om Pasienten sine prøvesvar og laste ned eit informasjonsskriv som forklarar tenesta nærare, og som kan delast

[nhn.no/tjenester/pasientens-provesvar/for-rekvirenter](https://nhn.no/tjenester/pasientens-provesvar/for-rekvirenter)

## Vær merksam på

Vurder om sensitive prøvesvar bør delast, og avklar dette med pasienten. Dette gjeld særleg helsestasjon for ungdom, overgrepsmottak og fengselshelsetenesta.

## Unntak

**Ungdom:** Prøvesvar for ungdom mellom 12 og 16 år blir ikkje viste på Helsenorge.

**Utsett innsyn:** For å gi behandlar tid til å gi god informasjon og oppfølging, er pasienten sitt innsyn i prøvesvar frå følgjande fagområde utsett:

### **Automatisk 14 dagars utsetjing:**

- Patologi
- Radiologi
- Nukleærmedisin
- Undersøkingar med berre lokale kodar
- Enkelte biokjemiske/immunologiske analysar

### **Automatisk 3 månaders utsetjing:**

- Medisinsk genetik

**Du kan setje utsett innsyn manuelt ved rekvirering. Du kan òg i særlege tilfelle nekte pasienten innsyn.**